

Skulehelsetenesta

Opplæringslova §§ 9a-3 og 9a-4 slår fast at skulen aktivt og systematisk skal arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte elev kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør, og drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Dette gjeld det fysiske så vel som det psykososiale miljøet. Skuleleiinga har ansvaret for gjennomføringa av dette arbeidet.

Vertskommunane der skulane ligg har det lovpålagde ansvaret for å tilby skulehelseteneste. I Forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta (kommunehelsetenestelova) seier §2-3 at tilboda til barn og ungdom mellom 0-20 skal omfatte

- helseundersøking og rådgjeving med oppfølging og tilvising etter behov
- førebyggjande psykososialt arbeid
- samarbeid med skule om tiltak som fremjar godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø
- heimebesøk/oppsøkande verksemd
- opplysningsverksemd/retteleing individuelt og i grupper
- bistand og undervisning i gruppe/klasse/foreldremøte i den utstrekning skulen ynskjer det

Andre helse- og miljøretta tiltak ved skulane er

- breitt samansett folkehelsegruppe ved kvar skule, med mandat om spesielt fokus på psykisk helse, ernæring, fysisk aktivitet, rus og tobakk og skader og ulukker (jf brev 06/3827)
- miljøkoordinator ved kvar skule, med ansvar for førebyggjande, kontaktskapande og sosialpedagogisk arbeid
- rådgjevarar, som yter utdannings- og yrkesrådgiving og sosialpedagogisk rådgiving
- kontaktlærar, med særleg ansvar for praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremål som gjeld eleven